

Suldal kyrkjelege fellesråd sitt vedtak i sak 29/18 i møte 22. november 2018:

Høyring: Kyrkjeordning for den norske kyrkja

Suldal kyrkjeleg fellesråd har merknader til desse §§ i utkast til ny kyrkjeordning: I § 5 står det i første setning at «Oppdraget til Den norske kyrkja blir ivareteke i eit tenestefellesskap av frivillige, tilsette og vigsla personar.» Her er det ikkje tatt inn dei folkevalte i det kyrkjelege demokratiet. Suldal kyrkjelege fellesråd meiner at dei tillitsvalde må vera med i dei som skal ivareta oppdraget til den norske kyrkja i tillegg til frivillige og tilsette.

I § 6 om organiseringa av Den norske kyrkja startar ein i første ledd med at Den norske kyrkja er landsdekkjande og delt inn i sokn. Suldal kyrkjelege fellesråd vil forslå at ein tek utgangspunktet i den grunnleggjande eininga i kyrkja, soknet, og deretter tek inn at den skal vera landsdekkjande slik:

Soknet er den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja og kan ikkje løysast frå denne. Kyrkjelyden er fellesskapet av dei som høyrer til Den norske kyrkja og bur i soknet. Den norske kyrkja er landsdekkjande.